

## Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

### Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1, 3-5 og 7-8 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 og 6 vart vedteke mot 5 røyster (H, Frp).

### Vedtak

1. Fylkesutvalet vurderer at kommunedelplan for Florelandet - Brandsøy legg fleire gode føringar for arealbruken, som i hovudsak er i tråd med nasjonale og viktige regionale føringar.
2. Fylkesutvalet meiner at dei nye bustadområda B16, B17 og B21 er i strid med den overordna strategien i planen, og også regionale føringar knytt til samordna bustad- areal og transportplanlegging, og tilrår at desse utbyggingsområda vert teke ut av planen.
3. Fylkesutvalet meiner det er positivt at planen legg opp til fortetting kring tre knutepunkt, og rår til at planen legg føringar som differensierer kva type tenester og funksjonar dei ulike knutepunkta skal ha.
4. Fylkesutvalet tilrår at ein nyttar omsynsone friluftsliv til å sette langsiktige grenser for arealbruken, på ein måte som vernar dei samanhengande natur- og friluftsområda som ligg utanfor dagens etablerte utbyggingsområde.
5. Fylkesutvalet saknar at planen omtalar det bustadsosiale behovet i kommunen og planområdet, og meiner planen bør legge føringar som gjer at kommunen oppnår at alle innbyggjarane i kommunen har ein god bustad.
6. Fylkesutvalet rår til å legge til rette for infrastruktur for gåande og syklande på begge sider av fv. 445, for å tilpasse infrastrukturen til planlagt fortetting av bustader i området. Vidare rår vi til å leggje inn eit føresegn i planen som sikrar at før nye bustadfelt langs Brandsøyvegen får bruksløyve, skal det vere samanhengande gang - og sykkelveg eller fortau frå Slettevollen vestover mot Florø sentrum.
7. Fylkesutvalet tilrår å inkluderer temaet «bidrag til klimagassutslepp» som eit av vurderingskriteria for nye utbyggingsområde, for å følgje opp ambisjonsnivået når det gjeld å redusere utslepp av klimagassar.
8. Fylkesutvalet tilrår at planen legg tydelege føringar for korleis framtidig forvaltning innanfor planområdet skal bidra til å nå miljømåla for dei vassførekomstane som ikkje har oppnådd målet om god økologisk og kjemisk tilstand.